



Løyve til
å bruke Nedre Svartevatnet som
permanent naudvasskjelde

Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Vartdal Vassverk
Referanse	200801596 - 45
Dato	30.08.2018
Notatnummer	KI-notat 15/2018
Ansvarlig	Gry Berg
Saksbehandler	Ellen Lian Halten

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9

7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18

8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

Samandrag.....	1
Søknad.....	3
Høyring og distriktshandsaming	4
NVE si vurdering	10
Forholdet til anna lovverk	14
Vilkår for løyve etter vassressurslova	15
Øvrige forhold.....	15

Samandrag

Vartdal Vassverk søker om løyve til å nytte Nedre Svartevatnet i Ørsta kommune som permanent naudvasskjelde. Det er søkt om løyve til å tappe ned vatnet tre meter, frå kote 617 og ned til kote 614. Vassverket ønsker også å etablere hevert og røyrledning permanent på staden.

Ørsta kommune, ved formannskapet har vedtatt at dei vil støtte forslag til løysing på naudvatn frå Svartevatnet som Tussa Energi AS og Vartdal Vassverk har foreslått. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil på visse vilkår ikkje gå imot at ein kan nytte Nedre Svartevatnet som naudvasskjelde når det er absolutt påkravd.

Buset og Vartdal Beitelag og Grunneigarane ved Svartevatna/Risaskaret er kritisk til drifta av vassverket og er på grunn av fare for skadar på sårbart høgfjellslandskap og ulemper for dyr på beite imot å nytte Nedre Svartevatn som naudvasskjelde. Harald Buset ønskjer ikkje nedtapping av vatnet i beitesesongen. Odd Einar Vartdal forventar at beiterettane blir som opphavleg. Knut Vartdal peiker på dei samfunnsmessige interessene som står på spel, og at dei bedriftene som er avhengig av vassforsyning gir over 100 arbeidsplassar. Grunneigarar ved Nedre Svartevatnet/Heidane/Risaskaret uttaler etter synfaringa den 3.10.2017 mellom anna at det bør utgreiast kva som skal til for at naudvatn til Vartdal Vassverk heller skal kunne takast frå Store Risaskarvatn. Dei er kritiske til vassverket sine prioriteringar. Hevertrøyra som no ligg ved Nedre Svartevatn bør bli fjerna omgåande. Anne Pilar Aarseth er kritisk til korleis vassverket blir drifta og meiner dei burde prioritere vassforsyning til bebuarane i Vartdal. I staden for å tappe ned Nedre Svartevatn bør ein heller auke oppdemminga av Store Risaskarvatnet. Ho er også bekymra for inngrep i sårbart høgfjell. Bjørn Sævik er kjend med uttala frå Anne Pilar Aarseth og seier seg fullt ut samd i det som der kjem fram.

NVE legg i denne saka vekt på at nedtapping av Nedre Svartevatnet med inntil tre meter vil sikre vassforsyninga til abonnentar knytt til Vartdal Vassverk. Vi legg også vekt på at nedtapping berre skal skje når det er behov for naudvatn. Etter vår vurdering vil ikkje tiltaket gi store konsekvensar for allmenne interesser, slik at fordelane ved tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser. Dei nærmaste åra skal kommunen mellom anna utgreie vassforsyninga til Vartdal. Dette arbeidet kan resultere i at området får ei anna vassforsyning, og difor meiner NVE det er aktuelt å gi eit tidsavgrensa løyve.

Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane meiner NVE at fordelane med tiltaket er større enn ulempene, og at det difor kan bli gitt tidsavgrensa løyve til å nytte Nedre Svartevatn som naudvasskjelde, jf. vassressurslova § 25. I medhald av § 8 i vassressurslova gir NVE Vartdal Vassverk tidsavgrensa løyve til å nytte Nedre Svartevatn som naudvasskjelde til vassforsyning fram til 31.12.2028 på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Vartdal Vassverk, datert 17.6.2010:

Vartdal Vassverk i Ørsta kommune ønsker å etablere Nedre Svartevatnet som nødvannskilde. NVE gav 2. mars 2010 midlertidig løyve til å tappe ned Svartevatnet 3 m ved å legge en hevert til Risaskardvatnet. Denne skulle fjernes innen 15 juni, men søkes nå beholdt som permanent nødløsning. Det søkes:

Etter vannressursloven § 8 om tillatelse til:

- *Å regulere Nedre Svartavatnet mellom LRV på kote 614 og HRV på kote 617*
- *Ved å beholde allereie etablert hevert i utløpet.*

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning.

Vartdal Vassverk søkte den 25.6.2010 om løyve til ekspropriasjon etter oreigningslova § 2, punkt 47 for ekspropriasjon av naudsynt grunn til å gjennomføre tiltaket. I brev av 30.10.2017 trakk søker denne søknaden fordi det er forventa å oppnå minnelege avtaler med alle grunneigarane.

Bakgrunn for søknaden

Vartdal ligg ved Vartdalsfjorden mellom Ørsta kommunesenter i sør og Hareidlandet i nordvest. Landskapet ligg i overgangssona mellom dei alpine fjellformasjonane innover i fjordane og kystlandskapet. Nedre Svartevatnet ligg over tregrensa med topper litt over 1000 moh, med Bergehornet (1024 moh) som den høgste innanfor nedbørfeltet. Klimaet i området er fuktig med høg årsnedbør og mykje snø i fjella vinterstid. Landskapet er forma av breerosjon, og i dei lågareliggjande områda er geomorfologien prega av morenemassar og skredmassar, og ein del bart fjell.

Vartdal vassverk er eit konsesjonsfritt vassverk som får vatnet sitt frå utløpet til Vartdal kraftverk, og frå Risaskarelva når det er overløp over dammen i utløpet av Litlevatnet. Vartdal Vassverk leverer vatn til 243 hus og 480 personar, Vartdal Fiskeoppdrett AS og Vartdal Plastindustri AS. Dei to sistnemnde har også andre vasskjelder.

Tussa Energi AS fekk ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1998 løyve til erverv av fallrettane som blir nytta i Vartdal kraftverk, og overført reguleringskonsesjonen knytt til Vartdal kraftverk i Ørsta kommune. I manøvreringsreglementet, som erstattar reglementet gitt ved kgl. res. 16 august 1945 kjem det fram at høgste regulerte vasstand (HRV) i Risaskarvatnet er sett til kote 511,8 og lågaste regulerte vasstand (LRV) er sett til kote 508,0 noko som gir ei reguleringshøgde på 3,8 meter. Det er ikkje gitt løyve til overføringar. Ved manøvreringa skal ein ha som mål å ikkje auke vassdraget si naturlege flaumvassføring nedstraums magasina. Utanom dette kan tappinga skje etter kraftverkseigar sitt behov. Det er ikkje sett krav til minstevassføring.

Etter det NVE kjenner til finst det ikkje nokon skriftleg avtale mellom Tussa Energi AS og Vartdal vassverk. Det er i hovudsak vassbehovet til vassverket som styrer korleis Risaskarvatnet blir manøvrert. Slik NVE forstår det disponerer kraftverket den øvste meteren av reguleringa fritt, medan det er behovet til vassverket som styrer korleis magasinet elles blir manøvrert.

Vardal vassverk har ved tre tidlegare høve fått mellombels løyve til nedtapping av Svartevatna. Det første løyvet blei gitt den 5.3.2001, det andre løyvet blei gitt den 2.3.2010, og det siste løyvet blei gitt

den 3.4.2018. I løyvet gitt i 2010 informerte NVE Vartdal vassverk om at dei enten måtte fjerne vassleidningen som er lagt frå Svartevatna og ut i elva, eller søkje om løyve. Den 17.6.2010 søkte difor Vartdal Vassverk om løyve til å nytte Svartevatna som permanent naudvasskjelde.

Om søknaden

Vassverket ønsker å etablere Nedre Svartevatnet som permanent naudvasskjelde og søker om løyve til å tappe Nedre Svartevatn frå kote 617 og ned til kote 614. Det blir også søkt om løyve til å behalde både hevert og røyrleidninga som blei anlagt i 2001, slik at dei har ei permanent løysning for nedtapping av Nedre Svartevatnet på plass når ein naudsituasjon oppstår. Røyrleidninga frå 2001 blei delvis bytta ut i 2010 fordi den var frosen til. Leidningen vil i følge søknaden bli dekkja til slik at den ikkje skaper sår i terrenget ut over det som er absolutt naudsynt.

I følge søknaden datert 17.6.2010 er heverten ein 240 meter lang leidning som går omtrent 50 meter inn i Nedre Svartevatnet, og som ligg delvis i elveløpet ned mot Risaskardvatnet. Leidninga er delvis nedgraven på om lag 130 meter av strekninga, og ligg dei siste 60 metrane i elveløpet. Ein ventil i enden av røyret kan stengast når det ikkje er behov for nedtapping. Frå leidninga og ned til Store Risaskardvatnet renn vatnet fritt i elveløpet. Vidare renn vatnet ned i Litlevatnet og gjennom Vartdal kraftverk, før vatnet når inntaket til vassverket. Vartdal kraftverk har i dag fått løyve til opprusting og utviding. Etter ein eventuell opprusting og utviding av kraftverket vil vatnet framleis gå gjennom kraftverket før det når inntaket til vassverket.

Hovuddata for tiltaket er samanfatta i tabellen under:

TILSIG

Nedbørfelt	km ²	0,74
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	2,20
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	95
Middelvannføring	l/s	70

MAGASIN

Magasinvolum	m ³	321 000
HRV	moh.	617
LRV	moh.	614

Med eit vassutak på 140 l/s vil eit vassvolum på om lag 300 000 m³ i følge søknaden gi nesten 25 døgn med vassforsyning til vassverket.

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vorte sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjonar, og aktuelle partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 3.10.2017 saman med representantar for søker, kommunen, Fylkesmannen, Tussa Energi AS, Naturvernforbundet, Buset og Vartdal Beitelag, Skorgedalen Sameige, og andre grunneigarar. Høyringsuttaler er lagt fram for søker for kommentar.

Høyringspartanes eigne oppsummeringar er referert der som desse er lagt ved uttalene. Andre uttaler er forkorta av NVE. Fullstendige uttaler er tilgjengelige via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider, sjå: <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=6105&type=V-2>

NVE har motteke desse kommentarane til søknaden:

Ørsta kommune vedtok denne uttala den 30.9.2010:

«Ørsta formannskap (ØF) finn at spørsmålet om framtidig vassforsyning for Vartdal må inn i neste rullering av kommunedelplan for vassforsyning. Innbyggjarar og næringsliv må likevel sikrast tilstrekkeleg og godt nok vatn både no og i framtida. Kva som vil vere beste løysing både driftsmessig og i høve ålmenne og private interesser synes ikkje klart ut frå det som ligg føre i saka no.

NVE bør også vurdere tilhøvet til konsesjonen for Risaskaret kraftverk. Om NVE ikkje finn å kunne løyse saka gjennom dette no, rår ØF til at det vert gjeve eit tidsavgrensa løyve til å nytte Svartevatnet til naudvasskjelde inntil ei framtidig løysing for vassforsyninga på Vartdal kan verte utgreidd nærmare.»

Ørsta kommune har også kome med ei uttale angående søknaden frå Tussa Energi AS om løyve til opprusting og utviding av Vartdal kraftverk datert 18.10.2017. Den 17.10.2017 vedtok formannskapet følgjande:

«Ørsta formannskap ser positivt på søknaden frå Tussa Energi om opprusting av Vartdal kraftverk. Det må setjast krav til ei forsvarleg minstevassføring.

Formannskapet vil støtte forslag til løysing på nødvatn frå Svartevatnet, jamført forslag frå Vartdal vassverk og Tussa Energi»

I saksframlegget står følgjande om vassforsyninga i Vartdal:

«Kommunen har ikkje kome vidare i arbeidet med å utarbeide ein kommunedelplan for vassforsyning slik formannskapet vedtok i sak 137/10, men har tidlegare sett på moglegheita for etablering av ny vassforsyning til bygda basert på grunnboring. Ørsta kommune har eit mindre vassverk basert på eit elveinntak i Ljoselva, men Vartdal vassverk forsyner største delen av Vartdalsbygda. Det har også vore samtalar om ei mogleg overtaking av Vartdal vassverket, men dette synes ikkje aktuelt no. Dei to vassverka har eigne separate leidningsnett. I gjeldande planstrategi er utarbeiding av ein kommunedelplan for veg, vatn og avløp planlagt oppstarta i 2017 med vedtak i 2020.»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttaler mellom anna dette i brev datert 14.9.2010:

(...)

«Vurdering

Under synfaringa 07.09.10 konstaterte vi at det er ein liten høgdeforskjell (om lag 1,5 m) mellom dei to Svartevatna og at det går ein bekk frå det sørlegaste til det nordlegaste vatnet (lokalt kalla heimste eller nedre Svartevatnet). Røyret som er brukt til nedtapping ligg i nedre Svartevatnet. Det bør derfor presiserast både ved behandling av søknaden og ved eit eventuelt løyve at nedtappinga berre gjeld det nedre Svartevatnet.

Det er til tider vassmangel til Vartdal vassverk. Vassressursane er avgrensa og skal nyttast til ei rekkje formål, m.a. vassforsyning, kraftproduksjon, settefiskanlegg og industri. I vår uttale til søknad om mellombels løyve sist vinter peika vi m.a. på at "det er ikkje tilfredstillande at ein ved gjentekne høve skal ta i bruk Svartevatna utan at dette har vore handsama på vanleg måte. Ved førre løyve til nedtapping i 2001 vart det sett krav om at det skulle utarbeidast ein beredskapsplan som ivaretek omsynet til ei sikker vassforsyning. Vi kjenner ikkje til at ein slik

plan er utarbeidd." Vi aksepterte likevel søknaden som eit mellombels "naudtiltak", men bad om at det vart ført kontroll med at nedtappingsperioden vart så kort som mogleg og at det vart rydda opp etter at tiltaket vart avslutta.

Biologisk mangfald

Vi kjenner ikkje til særskilte naturfaglege registreringar som vil bli rørt ved det omsøkte tiltaket. Synfaringa avdekka heller ikkje ny informasjon som skulle tilseie at tiltaket vil ha vesentlege verknader på biologisk mangfald i området.

Det skal vere ein aurebestand i vatnet. Vi kjenner ikkje dei lokale tilhøva, men ei mogleg tørrlegging og tilfrysing av gyteområdet vil neppe verke positivt på bestanden.

Landskap og friluftsliv

Nedre Svartevatnet er langgrunt på store deler av nord- og austsida. Ei senking av vatnet med inntil 3 m vil føre til tørrlegging av relativt store strandareal i dette området og redusere arealet på vatnet betydeleg. På vestsida stupar fjellet bratt ned i vatnet. Nedtappinga vil kunne skape ei markert erosjonssone.

Om ei nedtapping av dette vatnet kan få følgjer for vasstanden i det øvre Svartevatnet er ikkje nærare utgreidd.

Området ligg innanfor eit større nasjonalt turområde (Ørsta alpane). Det går turstig forbi Svartevatna, sjølv om hovudferdsla i området kanskje er noko lenger mot aust (Skorgedal). Ei maksimal nedtapping av nedre Svartevatnet vil landskapsmessig vere klart negativt og redusere opplevingsverdien av området dersom dette skjer i barmarksesongen.

Inngrepsfrie naturområde (INON)

Ei regulering av Svartevatna vil påverke eit prioritert inngrepsfritt naturområde (jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde i Møre og Romsdal). Vi ber NVE om å ta omsyn til dette ved vurdering av søknaden.

Landbruk

Området rundt Svartevatna er eit viktig beiteområdet for sau. Dersom vatnet er nedtappa i beitesesongen kan det føre til uønska risiko for beitedyr som ferdast langs deler av vatnet, særleg i dei brattaste partia.

Vasshushald

Søknaden gjeld etablering av vatnet som permanent naudvasskjelde. Det er som nemnt gitt løyve til mellombels nedtapping to gonger, men det har slik vi forstår ikkje vore ført kontroll med dette. Av lokalkjente i området blir det hevda at det har vore tappa ut over godkjent løyve, utan at vi kan gå god for at det er riktig.

Av oversendinga går det fram at dette ikkje er ein generell søknad om uttak av vatn frå vassdraget. Korleis ein har tenkt å kontrollere/rapportere at den framtidige bruken av nedre Svartevatnet kun er i naudsituasjonar er ikkje nærare omtalt. Søknaden viser derimot til den positive effekten dette ekstra vassvolumet kan ha for kraftverket og at det også må kunne sjåast i samanheng med framtidig utviding av settefiskanlegget. Det er derfor grunn til å tru at uttaket i nedre Svartevatnet etter kvart kan bli hyppigare enn det har vore til no.

Det er lite tvil om at vassverket ved enkelte høve kan trenge ekstra vatn. I følgje søknaden gjeld dette likevel berre i ekstreme tørrperiodar, slik det er opplyst ca. ein gong i ti-året (2001 og 2010). Eit godt hushald av eksisterande vatn må vere eit krav før ein går inn i nye vasskjelder. Under synfaringa la vi merke til ein mogleg vasslekkasje frå vassrøyret om lag 500 m nedanfor vassverket, med eit tydeleg oppkome av vatn på beitemarka.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over. Fylkesmannen vil, på visse vilkår, ikkje gå imot at ein kan nytte Nedre Svartevatnet som naudvasskjelde når det er absolutt påkravd:

- Det må i tilfelle stillast klare krav til at dette er i forhold til situasjonen slik den er i dag og at det ikkje skal dekkje vassbehovet ved vidare utviding av industriverksemder, setjefiskanlegg eller auka produksjon i kraftverket. Dersom dette er tilfelle må det finnast andre løysingar for å dekkje vassbehovet i området.*
- Nauduttak må varslast (til kommune og grunneigarar) og rapporterast.*
- Ein må unngå uttak i sommarhalvåret (særleg beitesesongen).*
- For å minske trongen for ekstra uttak av vatn bør det stillast krav til at eventuelle lekkasjar i vassleidning og/eller dam er utbetra.»*

Buset og Vartdal Beitelag v/Bjørn Vartdal uttaler i brev datert 30.8.2010 at dei er kritisk til korleis tidlegare nedtappinger av Nedre Svartevatn har gått føre seg. Dei er også kritisk til drifta av vassverket og meiner at på grunn av at det ikkje er halde årsmøte på fleire år, så kan ikkje leiar handle på vegne av vassverket. Beitelaget er sterkt bekymra for at regulering vil skade beiteområde rundt vatnet og føre til uoppretteleg skade på terrenget på grunn av erosjon i strandsona. Somme stadar i kring vatnet er terrenget svært bratt, og viss småfe dett i vatnet under nedtapping eller oppfylling kan dei ha vanskar med å komme seg på land. Dei er også bekymra for bestanden av aure i vatnet, spesielt rekruttering. Beitelaget ønskjer ikkje at Vartdal Vassverk får løyve til å nytte Nedre Svartevatna som permanent naudvasskjelde.

Grunneigarane ved Svartevatna/Risaskaret v/Geir Hole uttaler i brev datert 31.8.2010 at dei er negative til å nytte Nedre Svartevatn som permanent naudvasskjelde. Elles inneheld uttala stort sett dei same opplysningane som uttala frå beitelaget.

Harald Buset er medlem i Buset/Vartdal Beitelag og skriv i brev datert 7.9.2010 at uttala frå beitelaget inneheld opplysningar og påstandar som han ikkje kan stå inne for. Det som er relevant for han i den uttala er at område rundt Svartevatna er noko av dei viktigaste beiteområda for sau i området, og området er spesielt viktig på ettersommaren og hausten. Han skriv at på grunn av den bratte strandsona kan sau som går i vasskanten, enten for å drikke eller under beiting, misse fotfestet og hamne i vatnet. På grunn av den bratte standsona kan desse få problem med å komme seg opp av vatnet. Harald Buset ser difor på det som viktig at vatnet ikkje blir nedtappa i beitesesongen, dvs. i tidsrommet ca. 1. juli -15. oktober.

Odd Einar Vartdal uttaler i brev av 8.9.2010 at han er relativt fersk både som grunneigar og sauebonde. Uttala frå beitelaget inneheld ein del opplysningar som for han er ukjende, og som han difor ikkje kan stå inne for. Han forventar at beiterettane blir som opphavleg.

Knut Vartdal skriv i brev av 28.9.2010 at han som grunneigar ikkje kan slutte seg til det som blir hevda i grunneigarlaget sitt brev av 31.8.2010. Uttala frå grunneigarlaget trekk berre fram dei negative sidene ved tiltaket. K. Vartdal peikar på dei samfunnsmessige interessene som står på spel og skriv

mellom anna at «*Det er nemleg eit faktum at dei to bedriftene som er største forbrukarane av vatn, ogso er heilt avgjerande for bygdene på Vartdalstranda. Til saman har Vartdal Plastindustri AS og Vartdal Fiskeoppdrett AS over 100 arbeidsplassar.*»

Etter synfaringa den 3.10.2017 har NVE motteke desse uttalene/merknadane:

Grunneigarar ved Nedre Svartevatnet/Heidane/Risaskaret har i brev av 14.10.2017 kome med ei uttale som i hovudsak dreier seg om opprusting og utviding av Vartdal kraftverk. I samband med fornying og opprusting av kraftverket meiner grunneigarane at det bør utgreiast kva som skal til for at naudvatn til Vartdal Vassverk skal kunne takast frå Store Risaskarvatn, som alternativ til Nedre Svartevatnet.

Grunneigarane uttaler mellom anna at: «*Det trengs eit vassrekneskap i utgreiinga i søknaden til Tussa eller Vassverket, som viser kva dei ulike kjeldene gir, korleis tilgjengeleg vassmengd er endra og om behovet for permanent naudvasskjelde er det same som i 2010, og sidan vasstilgangen til verksemdene har og vil auke, kvifor treng ein enno meir? Dersom det som trengst til ordinær drift og verksemdar heile tida aukar som fylgje av produksjonsutviding hjå verksemdar, vil det oppstå eit evig press for ny/større «naudvasskjelde». Då bør gjennvinning av vatn inn snarast. Og det kan ikkje vere Vartdal vassverk si oppgåve å gje desse uavgrensa tilgang til vatn, ved å øydeleggje vår fjellverd. Under synfaringa med NVE vart det også stilt spørsmål til hevertrøya som ligg skjemma til i Nedre Svartevatn. Desse bør bli fjerna omgåande ved avklaring.*»

Anne Pilar Aarseth kjem i brev av 18.10.2017 med ein felles uttale om søknaden frå Tussa Energi AS om opprusting/utviding av Vartdal kraftverk og søknaden frå Vartdal Vassverk om løyve til å nytte Nedre Svartevatn som permanent naudvasskjelde. A. P. Aarseth er kritisk til korleis vassverket blir drifta og meiner dei burde prioritere vassforsyning til bebuarane i Vartdal framfor vassforsyning til industri. Om drifta av vassverket skriv ho mellom anna at: «*her er mange dobbeltroller og her er fleire uklare privatrettslege forhold*».

Vidare nemner ho mellom anna løysinga som blei diskutert på synfaringa, at ein heller burde auke oppdemminga av Store Risaskarvatnet, og nytte dette vatnet som naudvasskjelde i staden for å tappe ned Nedre Svartevatnet. Ho skriv også at mange nyttar fjellområdet til rekreasjon og er difor bekymra for at inngrep vil skape sår i fjellandskapet.

Bjørn Sævik uttaler i brev av 22.10.2017 at han er kjend med uttala frå Anne Pilar Aarseth av 18.10.2017 og seier seg fullt ut samd i det som der kjem fram.

Søker har i brev av 24.11.2017 kome med desse merknadane til dei innkomne uttala:

Vi viser til søknad datert 17.6.2010. Situasjonen for Vartdal Vassverk er at vi forsyner store delar av bygda Vartdal med vatn. Abbonnentane våre er private hushaldningar, jordbruk, plastemballasjeindustri og settefiskanlegg for laks. Alle desse er avhengige av vatn og det kan få store konsekvensar dersom det oppstår vassmangel. Brannberedskapen er også heilt avhengig av at Vartdal Vassverk kan levere vatn for at ein skal ha tilfredsstillande tryggleik.

Vartdal Vassverk får vatnet sitt frå utløpet av kraftstasjonen som Tussa Energi AS har ved Fosshola på Vartdal og overløp frå elva frå Risaskarvatnet 518 moh. Risaskarvatnet er regulert av Tussa Energi AS og dei har rørleidning til ovanfor nemnde kraftstasjon ved Fosshola.

I februar 2001 og februar 2010 oppstod ein akutt situasjon med fare for vassmangel innan kort tid. Risaskarvatnet var så nedtappa etter ein unormalt lang tørkeperiode at det berre var vatn igjen til om lag 2-3 veker forbruk av vatn. Vi var komne i ein nødsituasjon og søkte derfor om løyve til midlertidig nedtapping av Svartevatna høgde 617 moh. med inntil 3 meter. Dette er vatn som er oppdemt frå før og som de kan sjå på turkartet "Sunnmørsalpane" utanfor turstiar og vanleg ferdsel og ei nedtapping skulle såleis verken utgjere nokon fare for folk eller gi redusert naturoppleving.

Dette tiltaket berga oss med vatn ei stund til slik at ein slapp dei store konsekvensane vassmangel kunne føre med seg. Vassmangel over fleire døgn vil føre til at:

- bygda er utan tilfredsstillande brannberedskap*
- husstandane og jordbruk vert utan vatn*
- plastfabrikken må stoppe all produksjon og permittere arbeidstakarane.*
- Settefiskanlegget vil misse lakseyngel/smolt.*

Kommentarar

- 1. Erfaringsmessig har det begge gongane vi har hatt behov for naudvatn 2001 og 2010 vore på ettervinteren. Det tilseier at dei negative konsekvensane som blir framført som går på*
 - fare for beitande sauer ved nedtapping*
 - redusert oppleving frå turstiar*
 - vil vere små/lite aktuelt i den perioden på året det er mest sannsynleg at det vert behov for naudvatn. Men viss behovet for naudvatn oppstår treng vi permanent løyve til å bruke det same kva tid på året det er.*
- 2. I og med at det er naudvatn og tapping over ei relativt sett kortare periode vil ulempene bli små over tid.*
- 3. Senking av nedre Svartevatnet er ei rimeleg og god løysing for naudvatn i forhold naudvatn frå Risaskarvatnet. Det vil også medføre vesentleg mindre naturinngrep ved Svartevatnet enn ved senking/oppdemming av Risaskarvatnet ved anleggsarbeid.*
- 4. Ved Risaskarvatnet som naudvatn vil anleggsarbeid knytta til senking av Risaskarvatnet ved sprenging i den grunne kanalen inn mot demninga også utgjere fare for mangel på vatn eller forurensing av vatnet i ein lang anleggsperiode. Det er ikkje forsvarleg i forhold til verken abonnentane eller fiskehelsa til yngel/smolt i settefiskanlegget.*
- 5. I 2010 bad NVE oss om å søke om permanent naudvasskjelde viss vi skulle ha utstyret liggande ved Svartevatnet. Det gjorde vi, at saka har teke noko tid er utanfor vår kontroll. Elles viser vi til søknaden vår datert 17.6.2010.»*

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader

Vassverket ønsker å tappe ned Nedre Svartevatn med 3 meter. Det er ein liten høgdeforskjell mellom Nedre Svartevatn og Øvste/Heimste Svartevatnet som ligg like oppstraums. På kart er vatna ofte berre avmerkt som «Svartevatna». På grunn av den vesle skilnaden, og at Nedre Svartevatn ikkje skal demmast opp, vil ikkje det øvste Svartevatnet bli påverka av nedtapping.

Behovet for å tappe ned Nedre Svartevatn ser ut til å oppstå på seinvinteren/tidleg vår, når det er særskilt turt i området. Nedbørfeltet er på 0,74 km² og det er mest sannsynleg ikkje årssikker vassføring i elva mellom Nedre Svartevatnet og Store Risaskardvatnet. Når behovet for naudvatn oppstår er antakeleg elva allereie turr. Ut over redusert vasstand i Nedre Svartevatn vil ikkje nedtappinga føre til hydrologiske verknader. Erfaringa er at behovet for naudvatn oppstår på seinvinteren/tidleg vår og at vatnet difor blir fylt opp i løpet av vårflaumen.

Vassverket søker om løyve til å kunne tappe ned vatnet gjennom heile året. Skulle behovet i framtida oppstå andre tider på året enn det det hittil har gjort, vil verknaden vere at det vil ta noko lengre tid før vasstanden i Nedre Svartevatnet er attende på normalvasstanden.

Samfunnsmessige forhold

NVE tek ikkje stilling til kven som nyttar vassverket som vasskjelde, men legg til grunn at det er legitimt at alle kundane til vassverket ønsker ei sikker vassforsyning som har nok vatn tilgjengeleg gjennom heile året.

Vartdal Vassverk meiner vassmangel over tid vil føre til at bygda blir utan tilfredstillande brannberedskap, at hus og gardar blir utan vatn, at plastfabrikken må stoppe produksjonen og settefiskanlegget risikerer å miste fiskeyngel. NVE er einig i at det er viktig å sikre tilstrekkeleg med vassforsyning til bygda. Det vil ha stor samfunnsnytte å etablere Nedre Svartevatn som naudvasskjelde.

Samstundes registrerar NVE at kommunen i løpet av dei nærmaste åra skal utarbeide ein kommunedelplan for veg, vatn og avløp, med vedtak i 2020. Tidlegare har ein sett på moglegheita for etablering av ny vassforsyning til bygda basert på forsyning av grunnvatn. I lys av at det i framtida kanskje vil vere aktuelt å avvikle Vartdal Vassverk meiner NVE at det er hensiktsmessig å eventuelt gi vassverket eit tidsavgrensa løyve. Eit slikt tidsavgrensa løyve bør likevel bli gitt for ein såpass lang periode at drifta blir føreseieleg for vassverket.

Landskap og friluftsliv

I følgje uttala til Ørsta kommune, datert 18.10 2017, som i hovudsak dreier seg om løyvet til opprusting og utviding av Vartdal kraftverk ligg tiltaksområdet i kommuneplanen sin arealdel i LNF sone D, kommuneplanen si strengaste LNF sone med følgjande føresegn: *«innanfor desse områda finn ein særleg viktige friluftsliv- natur- og viltinteresser. Det vert synt til temakart nr. 2,5 og 8 frå Fylkesmannen. Bygginge og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksverksemd vert ikkje tillate. Oppføring av fritidshus vert ikkje tillate med unnatak av i regulerte felt.»*

Vidare er tiltaksområdet omtala slik i saksframlegget frå kommunen: *«Fjellvatna inngår i eit større nasjonalt viktig friluftslivsområde «Ørsta-alpane». Overgangsturen gjennom Skorgedalen er i temakart friluftsliv prioritert å vere av nasjonal interesse, medan overgangsturen frå Liadal via Risaskardvatnet*

til Vartdal er vurdert å vere av lokal/regional verdi. (...) Ørsta- alpane er også prioritert i fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.»

Tiltaksområdet ligg over tregrensa i utkanten av fjellområdet «Ørsta-alpane». Området er noko nytta til friluftsliv, men ligg litt i utkanten i forhold til dei mest brukte turstiane. NVE var på synfaring i området den 3.10.2017 og såg mellom anna nærare på dei inngrepa som har vorte utført ved Nedre Svartevatn. Det ligg i dag røyr som brukast til hevert i ein stor kveil i sjølve vatnet. Røyrret som blei lagt ned 2001, for den nedtappinga som blei gjort den gongen, ligg fortsatt der delvis nedgrave. I tillegg låg det eit røyr der som blei flydd opp då vatnet blei nedtappa i 2010. Begge desse røyrleidningane kunne vi sjå var flatklemde fleire stader. Då vatnet blei nedtappa i april 2018 vart det flydd opp eit nytt røyr som blei lagt oppå isen. Vartdal vassverk har i e-post datert 27.4.2018 informert om følgjande:

«Tiltaket med tapping av naudvatn frå Svartevatnet blei avslutta tidleg denne veka. På vedlagde bilete viser det første slangen som ligg opp på isen. Tiltaket er avslutta. Bilete nr. 2 med skiløpar viser slangen som ligg over kanten og ned i elva.

Til sommaren når snøen er borte vil følgjande bli gjort:

- 1. Overflødige slangar vil bli fjerna. Det vil berre ligge igjen den som er delvis nedgravd.*
- 2. Slangen som viser på bilete 2 ned i elva vil bli korta inn til nødvendig minimumslengde»*

Ut i frå beskrivinga over kan det sjå ut til at det framleis ligg røyr på staden. Erfaringa hittil er at desse røyra ikkje toler påkjenninga det er å ligge ute i alt slags ver, særskilt om vinteren, slik at delar av røyra har blitt deformert og ikkje kan nyttast når det er naudsynt med naudvatn. Vi tek informasjonen om at overflødige røyrleidningar vil bli fjerna til etterretning.

Vårt inntrykk etter synfaringa er at dei nedtappingane som hittil har skjedd ikkje har ført til erosjon i strandsona til Nedre Svartevatn. Vi er einig i at det er skjemmande med ei tydeleg reguleringsone langs vatnet, men hittil har behovet for naudvatn oppstått på seinvinteren/tidleg vår medan det ennå ligg mykje snø i området. Under slike forhold er ikkje den blottlagde strandsona synleg, og så framtid nedtappinga blir avslutta så raskt som mogleg, vil Nedre Svartevatn seinast bli oppfylt under vårflaumen. Det kan likevel ikkje utelukkast at behovet for naudvassforsyning kan oppstå i andre delar av året. I så fall vil turlagt areal bli synleg i landskapet.

Forholdet til beitedyr

Tiltaksområdet er nytta som saubeite. Det har i fleire høyringsuttaler blitt uttrykt bekymring for korleis nedtapping kan påverke dyr på beite. Som tidlegare nemnt er erfaringa hittil at behovet for naudvatn oppstår enkelte år på seinvinteren/tidleg vår, altså utanfor beitesesongen. Dersom NVE, i eit eventuelt løyve, set vilkår, om at nedtapping ikkje kan skje i beitesesongen, vil dette i praksis bety at Vartdal i periodar av året ikkje har naudvassforsyning. NVE meiner at ein i tilfelle der det er nødvendig i med tapping i beitesesongen, må ha ein dialog mellom grunneigarar/ rettshavarar og vassverket. Ved at tappinga blir varsla på førehand, gjev ein bøndene ein sjanse til å flytte dyra, i den grad det er mogleg, eller i alle fall å kunne auke tilsynet med dyra. NVE vil minne om at det så langt ikkje har vore behov for å tappe magasinet i beitesesongen, og vi vurderer det til at om dette skulle bli nødvendig, vil det uansett vere noko som skjer sjeldan.

Naturmangfald

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle myndighetsinstansar som forvaltar natur, eller som fattar avgjerd som har verknadar for naturen, pliktar etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere planlagde tiltak opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafer. I NVE si vurdering av søknaden om løyve til å etablere Nedre Svartevatnet som permanent naudvasskjelde legger vi til grunn prinsippa i naturmangfaldloven §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverknader er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, fråsegner, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelige databasar som Naturbase og Artskart den 18.6.2018. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknader på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget i saka er godt nok greia ut, jamfør naturmangfaldlova § 8.

Søk i Artskart avdekker at det er påvist 10 artar mosar på vestsida av nedre Svartevatn. Av desse er Pyttnøkkemose rauslista på Norsk Raudliste for artar 2015 i kategorien «datamangel (DD)». Funnstaden er langt unna utlaupet frå nedre Svartevatnet, og etter vår vurdering vil ikkje førekomsten av arten bli påverka av tiltaket.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadane tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggst særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærmare i våre merknader til vilkår dersom det blir gitt løyve. Tiltakshavar vil då vere den som ber kostnadane av tiltaka, i tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12.

Oppsummering

NVE legg i denne saka vekt på at nedtapping av Nedre Svartevatnet med inntil tre meter vil sikre vassforsyninga til abonnentar knytt til Vartdal Vassverk. Vi legg også vekt på at nedtapping berre skal skje når det er behov for naudvatn. Etter vår vurdering vil ikkje tiltaket gi store konsekvensar for allmenne interesser, slik at fordelane ved tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser. Dei nærmaste åra skal kommunen mellom anna utgreie vassforsyninga til Vartdal. Dette arbeidet kan resultere i at området får ei anna vassforsyning, og difor meiner NVE det er aktuelt å gi eit tidsavgrensa løyve.

Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane meiner NVE at fordelane med tiltaket er større enn ulempene, og at det difor kan bli gitt tidsavgrensa løyve til å nytte Nedre Svartevatn som naudvasskjelde, jf. vassressurslova § 25. I medhald av § 8 i vassressurslova gir NVE Vartdal Vassverk tidsavgrensa løyve til å nytte Nedre Svartevatn som naudvasskjelde til vassforsyning fram til 31.12.2028 på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til EU sitt vassdirektiv

NVE har gjennom vår handsaming av løyvet vurdert krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 om ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak det er praktisk mogleg å gjennomføre som kan redusere skadane og ulempene ved tiltaket. NVE har sett vilkår i løyvet som vi meiner er eigna til å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at hensikta med inngrepet som er naudvassforsyning, ikkje med rimelegheit på noverande tidspunkt, kan bli oppnådd med andre midlar som miljømessig er vesentleg betre. NVE har tatt inn over seg at vassforsyninga i framtida kan bli endra til andre vasskjelder enn dette vassdraget, og har difor gitt eit tidsgrensa løyve.

Vilkår for løyve etter vassressurslova

Nedtapping og etablering av måleanordning

Svartevatna kan tappast ned inntil 3 meter frå kote 617 til kote 614. Nedtappingsperioden skal vere så kort som mogleg. Det skal ikkje tappast meir vatn frå Svartevatna enn det som skal brukast til naudvassforsyning. Nedtappinga skal kunngjerast lokalt og det skal merkast på eigna stadar der tappinga kan føre til fare for svekka is.

Reguleringsgrensene skal markerast med faste og tydelege vasstandsmerker som det offentlege godkjenner. Høgden refererer seg til Kartverkets høgdesystem (NN 1954).

Det er gjeve eit tidsavgrensa løyve fram til 31.12.2028. Etablerte vasstandsmerker skal fjernast før løyvet er gått ut, viss det ikkje innan utgangen av løyvet er søkt om forlenging.

Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljert plan skal sendast til NVE sitt regionkontor i Førde. Planen skal innehalde alle inngrep og permanente tekniske installasjonar og skal godkjennast av NVE før arbeid settast i gang.

Varsling

Grunneigarar og eventuelt andre rettshavarar i området skal varslast før kvar nedtappingsperiode, og skal også ha beskjed når nedtappinga er avslutta og reiskap og utstyr er henta ned frå området.

Øvrige forhold

Under synfaringa den 3.10.2017 blei det fremma eit forslag om å auke reguleringa av Store Risaskarvatn og nytte dette magasinet som naudvasskjelde. Vi syner til løyvet som i dag er gitt til Tussa Energi AS for opprusting og utviding av Vartdal kraftverk for våre merknader til dette forslaget.

Allereie attende i 2010 er det i innkomne uttale til NVE opplyst at styret til vassverket har fungert i mange år utan årsmøte, og dermed også utan val av representantar til styret. Det blei også ytra kritikk til korleis vassverket elles vart drifta. Mykje av denne kritikken blei gjentatt under synfaring med NVE hausten 2017. Vidare er det opplyst i uttala av 18.10.2017 frå Anne Pilar Aarseth at vassverket ikkje har halde årsmøte sidan 2010. Ho har heller ikkje fått innsyn i økonomien til selskapet. Hennar opplysningar blir bekrefte av uttala til Bjørn Sævik frå 22.10.2017. NVE meiner den interne styringa av Vartdal Vassverk er privatrettslege forhold som fell utanfor det NVE skal ta omsyn til ved handsaming av søknaden.

NVE har elles ikkje vurdert forholda til private interesser som kan bli råka. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å avklare dei privatrettslege forholda til grunneigarar og eventuelle andre rettshavarar i området.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og søkjar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

